Ing Taule As
Radøyvegen 1400
5936 Manger

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/5397 - 22/60487 | Linda Hammersvik Folkestad<br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 10.08.2022 |

# Dispensasjon frå avstandskrav til kommunal vannkum - GBNR 137/532

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Oppsetting av mur nærare kommunal vasskum enn 4 meter |
| **Byggjestad:** | Kubbaleitet 26 – GBNR 137/532 |
| **Tiltakshavar:** | Runar Nestegjerde Haugen |
| **Ansvarleg søkjar:** | Ing. Taule AS |

Saka gjeld søknad om dispensasjon for å sette opp betongmur nærare kommunal vasskum enn avstandskrav på 4,0 meter. Søknad er datert 28.06.2022 og supplert med tilleggsdokumentasjon 14.07.2022.

**Saksutgreiing:**
Informasjon om saka:
Det vert søkt om dispensasjon frå avstandskrav til kommunal vasskum for oppsetting av ny støttemur for heving av terreng. Det er i søknad omlyst om at avstand mellom vasskum og ytterkant mur vil være 2,34 meter.

Vurdering/drøfting:
I søknad er det opplyst at støttemur skal ha ei minste avstand frå kommunal vasskum på 2,3 meter. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan ikkje sjå at mur med denne avstanden vil få innverknad på drift og vedlikehald av kum med tilhøyrande leidningsnett.

Samandrag/konklusjon:
Alver kommune finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunal vasskum på vilkår.

**Vedtak:**
Alver kommune gjev, med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» pkt 3.4, dispensasjon frå avstandskrav til kommunal vasskum.

Dispensasjonen vert gitt på vilkår:

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Minste avstand mellom mur og ytterkant kum skal være minimum 2,3 meter. Avstand sikrer at kommunen har tilstrekkeleg areal for drift og vedlikehald, evt utskifting, av kum.

- Støttemur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur når kommunen utfører arbeid på og langs kum.

- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert nærare kommunalteknisk anlegg (kum og leidningnett) enn avstandskrav på 4.0 meter. Dersom det oppstår skader på støttemur under arbeid på kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av mur må sjølv sørgje for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til tiltak som skal plasserast nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglemen

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggesak v/sakshandsamar | | | |
| Runar Nestegjerde Haugen | Kubbaleitet 26 | 5916 | Isdalstø |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ing Taule As | Radøyvegen 1400 | 5936 | Manger |